

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	TI - &00	15/31

Saknr	Utval	Type	Dato
010/2015	Formannskapet	PS	13.01.2015

Høyring ny postlov

Vedlegg:

hoeringsnotat

hoeringsbrev

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune meiner at ei ny postlov ikkje må svekka tilbodet til innbyggjarane og næringslivet i distrikta, og meiner det er viktig at innbyggjarane i heile landet får eit tilnærma likt posttilbod til same kostnad uansett kvar ein bur.

- Laurdagsombering av post må framleis vera ei leveringspliktig teneste.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Samferdselsdepartementet har sendt forslag til ny postlov på høyring med frist til 26. januar 2015 for høyring. Lova opnar for full konkurranse på postmarknaden og implementerer EUs tredje postdirektiv. I

Det vert vist til vedlagde dokument i saka for nærmare orientering.

Vurdering:

Spørsmålet/saka er vurdert ut frå kommuneplanen sin samfunnsdel, der det i kap 3. er sett som hovudmål folketalsutvikling og næringsutvikling.

Ein god infrastruktur som omfattar gode posttenester er avgjerande for alle kommunar og fylkeskommunar. Kommunane er avhengig av at folk og næringsliv har gode vilkår. Ei svekking av det lokale næringslivet sine moglegheitar rammar i neste omgang

busettingsgrunnlaget. Regjeringa sitt forslag til ny postlov, og innføring av EUs tredje postdirektiv, kan gjere det vanskelegere å oppretthalde den desentraliserte næringsliv- og busettingsstrukturen me har i Norge. For Masfjorden sin del vil framlegget bety at innbyggjarar som alltid har fått laurdagspost i framtida kan mista dette tilbodet, og at portoen vert dyrare for ein del typer sendingar. Så lenge nettet og kvaliteten på breidband er mangelfull framleis mange stadar i bygdene våre, kan framlegget til ny postlov medføra at fleire av våre innbyggjarar må venta til måndagar før dei får lesa helgeaviser.

Det er og grunn til å frykta at ein med å overføre makt frå Storting til departement får ei avpolitisering av dette tenesteområdet som vil ramme distrikta. Dette vil kunne føre til at både næringsliv og innbyggjarane ute i distrikta vil få dårlegare vilkår enn elles i landet, noko som igjen kan få konsekvensar for busettinga i distrikta.

Viktige moment som ein må vurdere nærmare i høyringa er:

- "Enhetsportoen" og ein retten til Posten Norge gjer at ein i dag har eit spleiselag som syter for gode og likeverdige posttenester til lik pris i heile landet. Framlegget medfører at ein fjernar "enhetsportoen" for 90 % av sendingane og opphevar ein retten. Det vil sannsynlegvis føre til dårlegare og dyrare posttenester, spesielt for næringslivet i distrikta.

Konkurrentane vil gå med post der det er mest lønsamt, og overlata resten av postomberinga til Posten Norge.

- Regjeringa kuttar ut postomdeling på laurdagar, (men held døra open for fortsatt utlevering av aviser).
- Stortinget skal ikkje lenger bestemme postpolitikken i Norge. I lova blir det foreslått at det er departementet som i hovudsak skal bestemme. Dette er ein avpolitisering.
- EU har sjølv konkludert med at postdirektivet ikkje har gitt billigare og betre tenestar i EU-landa.

Konklusjon:

Saka vert lagt fram til formannskapet til fråsegn.

Formannskapet - 010/2015

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune meiner at ei ny postlov ikkje må svekka tilbodet til innbyggjarane og næringslivet i distrikta, og meiner det er viktig at innbyggjarane i

heile landet får eit tilnærma likt posttilbod til same kostnad uansett kvar ein bur.

- **Laurdagsombering av post må framleis vera ei leveringspliktig teneste**